

Mentorprogram for kvinner



– Ein mentor må finna dei rette spørsmåla å stilla til den ho eller han er mentor for. Dette er ein unik sjanse for kvinnelege bedriftsleiarar og etablerarar, seier Marit Larsen i mentorprosjektet.

Næringslivet i Suldal får, gjennom Kvinnovasjonsprosjektet, tilbod om eit mentorprogram retta mot kvinner i næringslivet.

Gro Helland

Marit Larsen er tilsett i Suldal Næringshage og skal arbeida med å koordinera og følgja opp mentorprogrammet i Kvinnovasjon.

Næringshagen i Suldal startar opp eit prosjekt der kvinnelege næringsdrivande og etablerarar får ein eigen mentor til utvikling av eiga bedrift. Målet med prosjektet er, ifølgje Larsen, at omsetninga og talet på tilsette i dei aktuelle bedriftene vert dobla i løpet av to år.

Må tena pengar

Marit Larsen har sett at mange kvinner som driv eiga bedrift, ser i golvet når inntening vert tema

og dreg litt på det når dei får spørsmål om kva dei tener på bedrifta si.

– Det held ikkje, ingen vil vel gjera noko utan å tena pengar, utfordrar ho. Og legg til at pengar opnar for å oppnå måla i bedrifta. Ho håper mentorprogrammet kan hjelpa kvinner til å tenkja inntening. Det har allereie vore møte med kvinnelege næringsdrivande. Nå ligg ti søknader om å få delta i programmet på bordet. Når søknadene er nøye vurderte vert deltakarane plukka ut.

Søker allsidig kompetanse

Larsen forklarar at det er store krav til utforming av kva kvinnene ønskjer å oppnå med ein mentor. Som å lesa eit rekneskap eller å byggja seg eit nettverk. Det viktigaste er at måla er reelle, understrekar ho og legg til at mentoren skal hjelpa til å nå måla, ikkje til å driva bedrifta. Næringshagen er ute etter kompetansen i næringslivet i Suldal, eller regionen rundt, og det spelar derfor inga rolle om mentoren er kvinne eller mann.

– Eit allsidig næringsliv må vera representert så me får kompetanse på alle område, understrekar ho. Mentorane og kvinnene må finna sin eigen måte å jobba saman på, men det er viktig at det personlege stemmer mellom dei, meiner ho.

Alle vinn

Mentorane er tenkt å arbeida frivillig i prosjektet, men Larsen meiner dei likevel vil tena på innsatsen. Det er trass alt sjølvutvikling, hevdar ho, i tillegg til at nettverket til mentorane òg vert utvida. Men eit kurs får dei før arbeidet tar til. Karmøy har komme noko lenger i dette arbeidet, og der har kontakten avgrensa seg til om lag 30 timar samtalar i løpet av 10-12 månadar, forklarar Larsen.

Kvinnovasjon:

Kvinnovasjon er eit nasjonalt program knytt til næringshagar over heile landet og skal motivera fleire kvinner til å starta eiga bedrift. Programmet er nyleg utvida frå å gjelda Suldal og Karmøy, til også å gjelda Dalane, Stavanger og Jæren. Prosjektet er finansiert av SIVA, Rogaland fylkeskommune, Innovasjon Norge og Fylkesmannens landbruksavdeling.
